

Frå leiaren - Vår vinnarsak vidare.

Enno eit år er gått og det er tid for helsing til årsmeldinga vår og dykk medlemer. Det er ikkje vanskeleg å sjå tilbake og seia at året har vore fullt av både gode, men òg skuffande opplevingar og resultat. Heile organisasjonen har vore konsentrert om å påverka arbeidet med den nye Stortingsmeldinga om landbruk og mat. Dette har gått att i alle samlingane våre sentralt og på fylket. Årsmøtet gav oss sterke signal om at matproduksjon og tilhøva for Vestlandslandbruket måtte koma i fokus. Då var det lett og rett å hevda at ressursane me har her i fylket er uerstattelege i høve til det å produsera mat, og at det for oss er viktig å leggja særleg vekt på jordvernet. Hordaland ligg kvart år på toppen av lista over fylka som misser mest jord til andre formål enn mat.

Bondelaga i dei tre Vestlandsfylka samarbeida i året som gjekk om felles krav for inntekt og investeringsmidlar for Vestlandsbonden. Det vart lagt merke til i fleire krinsar, òg dei politiske. Vi konsentrerte oss om mjølkeproduksjonen, som er bærebjelken i landbruket i dei tre fylka. Samarbeidet er òg i gang framfor forhandlingane i 2011, og dreiar seg om punkter me kan einast om. Lokallaga sine innspel er òg svært viktige for oss i kravutforminga.

Folketalet på kloden aukar. Stadig høyrer me om naturkatastrofar, krigar og nedbygging av jord som reduserar grunnlaget for matproduksjonen i verda og i Noreg. Matvareprisane er høgare enn nokon gong når dette blir skrive. Svolten truar meir enn ein mrd menneske, og me ser uro og krigar som følge av dette. At norsk landbruk og Vestlandslandbruket må produsera sin del av maten nordmenn treng, er det gode grunnar for. Den norske modellen for landbrukspolitikk med eit landbruk over heile landet må vera grunnlaget for alt arbeid blant oss og dei styrande i nasjonen.

Me i styret har vore rundt i lokallaga, og har hatt fleire av dykk med på turar og gode samtalar. Det er alltid ei stor glede og gjev mykje inspirasjon til arbeidet for landbruket. Eg vil gjerne takka dykk alle for det. De har lyfta oss og verdien av det me gjer, gjennom ros eller konstruktiv kritikk. De vil alltid vera grunnstamma i arbeidet til organisasjonen. Det er viktig at de høyrer vidare.

Me har fleire samarbeidspartnarar i kampen for landbruket i vest; andre organisasjonar i landbruket, Fylkesmannen og hans folk på landbruksavdelinga og no sist Fylkeskommunen med ansvar for den viktige oppgåva rekruttering, kompetanse og likestilling. Takkar òg for samarbeidet med alle desse.

Det er òg viktig å dra fram det uerstattelege arbeidet som skjer i administrasjonen vår på Stend. Her sit det kunnskap og vilje til å bruka denne til beste for bøndene. Saman må me føra kampen for vår vinnarsak vidare. Matproduksjonen er viktig no, og vil bli enno viktigare i framtida. Dei ressursane me rår over, har me eit stort forvaltaransvar for. Denne viktige jobben må det betalast nok for gjennom prispolitikken og budsjetstøtta til aktivt landbruk. Ungdomen må sjå ei framtid i landbruket vidare. Lat oss stå saman og lyfta fana høgt. Me bønder produsera det viktigaste me treng for å leva og det er det berre me som kan under våre tilhøve! LUKKE TIL.

Styret i Hordaland Bondelag 2010

Verv	Namn og adresse	Tlf/ mobil/e-post
Leiar:	Marta Bjørgum Meland, 5773 Hovland	53 66 18 01 / 976 68 788 marta.meland@lofthus.no
Nestleiar:	Turid Bjørndal Njåstad, Låstad, 5282 Lonevåg	56 39 24 59 / 917 65 853 turidbn@gmail.com
Styremedlem:	Clara A. Hveem, Generalsvingen, 5454 Sæbøvik	951 54 599 clara@hveem.no
Styremedlem:	Lillian Hovstad, Hovstad, 5419 Fitjar	53 49 91 46 / 47260429 lillianhovstad@hotmail.com
Styremedlem:	Jostein Ljones, Tangavegen 21, 5620 Tørvikbygd	56 55 82 66 / 90 51 59 01 jostein.ljones@politikk.kvam.no
Frå HBU:	Ingrid Tennebekk Bjørke, Bjørkev. 121, 5700 Voss	90 04 63 19 hestatause@hotmail.com
Frå HBK:	Liv Spilde, Bjørgav. 110, 5700 Voss	56 51 79 45 / 975 33 364 livspi@online.no
1. vara:	Morten Samskott, Fyresvegen 33, 5713 Vossestrand	56 52 00 45 / 952 38 280 mortesam@online.no
2. vara:	Arild Nydegger Øvre-Eide, Øvre-Eide 36, 5105 Eidsvåg i Åsane	90 84 34 12 ovre-eid@online.no
3. vara:	Anne Bakke Handeland, Dyngjo, 5550 Sveio	53 74 12 51 / 412 15 087 bhandela@online.no

Administrasjonen:

Post- og besøksadresse :		Fanav. 245, 5244 Fana
Telefon og fax:		55 91 88 80 / 55 91 88 89
Elektronisk post:		hordaland@bondelaget.no
Internett:		www.bondelaget.no/hordaland www.landbrukstunet.no
Bank:		9365.09.64320
Organisasjonssjef:	Lars Peter Taule	55 91 88 81/90 85 85 55 lars.peter.taule@bondelaget.no
Førstekonsulent:	Tore Henrik Øye	55 91 88 85/ 91 12 73 37 tore.henrik.oye@bondelaget.no
Førstekonsulent:	Maria Makloufi Skjold	55 91 88 80/ 9 349 30 78 maria.skjold@bondelaget.no

Lars Peter Taule var tilbake som organisasjonssjef i august. Geir Totland er ”lånt ut” som IT medarbeidar i Norges Bondelag fram til 1. april 2011, og Tore Henrik Øye er vikar for Totland i tillegg til at han arbeider med prosjekt.



Styret i Hordaland Bondelag. Bak frå venstre: Jostein Ljones, Morten Samskott, Turid Bjørndal Njåstad, Arild Nydegger Øvre-Eide og Lillian Hovstad. Framme frå venstre: Clara Hveem, Liv Spilde, Ingrid Tennebekk Bjørke, og Marta Bjørgum Meland.



Organisasjonssjef Lars Peter Taule, Rådgjevar Geir Totland, Førstekonsulent Tore Henrik Øye og Førstekonsulent Maria Makloufi Skjold.

UTVAL OG REPRESENTASJONAR 2010-2011

Utval i Hordaland Bondelag:

Arbeidsutval:	Leiar, nestleiar og organisasjonssjef
Kvinneutval:	Lillian Hovstad, Clara Hveem
Den grønne skulen/ Inn på tunet:	Arild Nydegger Øvre-Eide, fylkeskontoret
EU / Internasjonalt koordinator:	Jostein Hellestveit, fylkeskontoret
Verveutval:	Lillian Hovstad, Jostein Ljones, fylkeskontoret
Kommunikasjonsutval (NYTT):	Arbeidsutvalet

Hordaland Bondelag sine representantar, oppnemnd av styret:

Styret i HBK:	Turid B. Njåstad	Vara: Lillian Hovstad
Styret i HBU:	Liv Spilde	Vara: Lillian Hovstad
Samarbeidsrådet:	Marta B. Meland	Vara: Turid B. Njåstad
Kontaktutval – Gjensidige:	Turid B. Njåstad, org.sjef	
Stiftinga Hord.Landbr.selskap:	Marta B Meland	Vara: Clara Hveem
Innovasjon Norge, Hordaland:	Clara Hveem	
Referansegruppe KSL/Matmerk:	Jostein Ljones, Anne Bakke Handeland, kontoret	
Rovdyrutval:	Morten Samskott	
Landskap i drift:	Jostein Hellestveit	
Matfestivalen:	Org.sjef	
Vassregion Vestlandet:	Org.sjef	
Grøntutval Vestlandet:	Marta B. Meland, Terje Larssen (Ullensvang).	
Kulturlandskapsgruppa/ RMP:	Marta B. Meland, org.sjef	Vara: Turid B. Njåstad
Råd, Arbeidstilsynet reg. Vest:	Geir Totland	Vara: Olav Sande, Rogaland
Landbrukets HMS-teneste:	Turid Bjørndal Njåstad	
Beiteutvalet:	Anne Bakke Handeland	

Hordaland Bondelag sin representant i (oppnemnd av andre):

Norske Lakseelver:	Bjarte Naterstad. Vara oppnemnd av Norges Bondelag
Valnemnda i Norges Bondelag:	Jostein Hellestveit. Vara: Clara Hveem
Styret i Norges Bondelag:	Nils T. Bjørke (leiar), Clara Hveem (styremedlem)
Inn på Tunet-utvalet i NB:	Reidar Konglevoll
Grøntutvalet i Norges Bondelag:	Marta B. Meland

Hordaland Bondelag sine utsendingar til årsmøte i 2011:

Årsmøte i Hordaland Bygdekvinnelag:	Morten Samskott, Lillian Hovstad, Inger-Maria Vika
Årsmøte i Hordaland Bygdeungdomslag:	Marta B. Meland, Jostein Ljones
Årsmøtet i 4H Hordaland :	Bjørne Røthe

PROTOKOLL FRÅ ÅRSMØTET I 2010 (redigert utdrag)

Årsmøtet vart halde på Brakanes hotell i Ulvik frå 12. til 13. mars.

DAG 1

Varaordførar i årsmøtet, Inger-Maria Vika, opna møtet, og ønskte alle velkomne. Årsmøtet song Bondesongen.

Årsmøtesak 1
VEDTAK:

Godkjenning av innkalling
Innkallinga godkjent utan merknadar.

Årsmøtesak 2
Vedtak

Godkjenning av sakliste
Saklista godkjent utan merknadar.

Årsmøtesak 3
Vedtak:

Val av to personar til å skrive under protokoll
Lars Gjelland og Karin Rabben Vangdal skriv under.



Ordførar i Ulvik, Mona H. Hellesnes

Helsingstale, Mona H. Hellesnes, ordførar i Ulvik kommune

Ordføraren trekte fram landbruk og reiseliv som dei to største næringane i Ulvik, og fortalde at mange bruk har denne kombinasjonen. Hellesnes streka under at heradet legg opp til nær kontakt og godt samarbeid med næringa framover.

Namneoppdrag, ved fungerande org. sjef, Geir Totland. Årsmøtet samla 39 lokallagsutsendingar og 19 gjester i tillegg til fylkesstyret, ordførarane og administrasjonen.

Helsingar frå ÆRESMEDLEMANE Anna Sylvia Haukås og Kari Valland vart opplesne. Årsmøtet vedtok å sende BLOMEHELISING til æresmedlemmane.

Leiar sin tale, ved Marta Bjørgum Meland

Moment: Utviklinga for vestlandsjordbruket (NILF-rapport), trong for inntektsløft, kombinasjonsdrift og ressursbruk, matproduksjon og folketalsutvikling (nasjonalt og globalt), rammer og økonomiske vilkår for matproduksjon, samvirke og marknadsregulering, politisk vilje/påverknad, tollvern, jordvern, ungdom og kompetanse, alliansebygging.

Norsk matpolitikk: Proteksjonsime? Stengjer vi Afrika ute?

Lars Peter Taule var ordstyttrar. Innlegg:

* ”AFRIKANSKE BØNDER KAN FØ AFRIKA OG VERDEN”, ved **Elisabeth Atangana**, leiar i PROPAC (regional bondeorganisasjon for Sentral-Afrika).

* ”HAR DEN NORSKE BONDEN EN ROLLE?”, ved **Helene Bank** frå For Velferdsstaten og styremedlem i Utviklingsfondet.

Debatt om leiaren sin tale og temabolken om matpolitikk.

Følgjande tok ordet; Reidar Konglevoll, Rasmus Tore Stople (Nortura), Bård Terje Røyrvik, Clara Hveem, Jostein Hellestveit og Ingrid Tennebekk Bjørke.



Elisabeth Atangana, Marta Bjørgum Meland og Helene Bank.

Innlegg frå Nils T. Bjørke, leiar i Norges Bondelag:

- JORDBRUKSFORHANDLINGANE 2010.
- NY STORTINGSMELDING OM MAT- OG LANDSBRUKSPOLITIKK.

Innlegg frå Marta Bjørgum Meland om jordbruksforhandlingane, med vekt på fellesuttalen med fylkesbondelaga i Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal.

Ordsките etter innlegg om jordbruksforhandlingane og stortingsmeldinga:

Desse tok ordet; Reidar Konglevoll, Bård Terje Røyrvik, Lillian Hovstad, Jostein Hellestveit, Liv Spilde, Bjørne Røthe, Gjermund Stuve (Landbrukstenester Hordaland) og Arild Nydegger Øvre-Eide.

Moment i ordsiftet: Ungdom/rekruttering, multifunksjonelt landbruk/fleirbruk, alliansebygging, jordvern, samdriftsproblematikk, avløysarordninga (sjukdom/ferie/fritid) og politisk kontakt.

Open post:

- Biletespel med skråblikk på arbeidet i Hordaland Bondelag, ved Lars Istad.
- Oppnemning av resolusjonsnemnd om jordbruksforhandlingane og ny melding til Stortinget om landbruks- og matpolitikk: *Karin Rabben Vangdal, Sjur Tarjei Fykse, Inga Rørlien, Reidar Konglevoll, Lillian Hovstad, Karin Lyngbø, Lars Istad (leiar), med fylkeskontoret som sekretariat.*
- Knut Blikkberg frå Gjensidige orienterte om ny avtale med Norges Bondelag.
- Charlotte Joys frå Landbrukets HMS-tjeneste informerte om tenesta sitt arbeid.
- Geir Totland orienterte om det planlagde STORMØTET til hausten (29. og 30. oktober), med "Agro Hordaland" som arbeidstittel.
- Clara Hveem, styremedlem i Norges Bondelag og Hordaland Bondelag, heldt innlegget "Om samvirket og utfordringar".
- Jostein Hellestveit informerte om arbeidet til valnemnda i Norges Bondelag.
- Ingrid T. Bjørke, fylkesleiar i HBU, informerte om organisasjonen sitt arbeid.
- Ordførar i årsmøtet, Ingvor Gundegjerde, bad region 1, 2 og 4 om kandidatar til valnemnda til Hordaland Bondelag (både faste representantar og varafolk).



Solveig Lillevedt vert takka av, og Ingolv Skumsnes vann ÅrsmøteQuizen.

Årsmøtemiddagen, leia av Jostein Ljones.

- Marta Bjørgum Meland takka Lars Istad (nestleiar), Solveig Lillevedt (2. vara) og Ingvor Gundegjerde for arbeidet og innsatsen (alle går ut av styret/verva).
- Hilde Anette Eikeland vann førstepremie i Samarbeidsrådet sin fotokonkurranse om "Bonden som rollemodell".
- Ingolv Skumsnes frå Austevoll vann "ÅrsmøteQuizen".

DAG 2

Jordbruksforhandlingane – aksjonsførebuing.

Denne delen var berre open for stemmeføre årsmøteutsendingar og administrasjonen. Innlegg frå Nils T. Bjørke og Marta Bjørgum Meland. Rapporten frå Aksjonsutvalet i NB om ”Aksjonsføreberedelser 2010” vart lagt fram som grunnlag for diskusjon og tilbakemelding til Representantskapsmøtet i organisasjonen.

ORDSKIFTE: Følgjande tok ordet; Arild Nydegger Øvre-Eide, Jostein Ljones, Arnvald Risøy, Reidar Konglevoll, Lars Istad, Bjørne Røthe, Geir Totland og Bård Terje Røyrvik.

Aksjonsdagen 2010 (14. april). Geir Totland orienterte.

Medlemsverving. Jostein Ljones orienterte.

Open post. Følgjande tok ordet;

- Liv Lyngstad, Norsk Landbruksrådgiving Hordaland. Info om rettleiingstilbodet.
- Reidar Konglevoll. Om Bondesongen. Utfordra bondelaget til å lysa ut konkurranse om å laga song tilpassa vår tid. Ev. bruka annan song på neste årsmøte.
- Ingrid Tennebekk Bjørke, HBU. Om kampanjen for å rekruttera til grøn, høgare utdanning.
- Liv Spilde, HBK.
- Svanhild Aksnes, Landbruksavdelinga hos Fylkesmannen i Hordaland.
- Hege Nielsen Børve, 4H Hordaland.



På første rad: Ingrid Tennebekk Bjørke, Lillian Hovstad og Turid B. Njåstad.

Lokallaga i sentrum. Informasjon ved Tore Henrik Øye.

Viktige saker i organisasjonen.

- Framlegg til RESOLUSJONAR, presentert av Lars Istad:
 - ”Betal arbeidsinnsatsen i landbruket”
 - ”Skal me framleis produsera mat i Norge?”

Følgjande kommenterte framlegga; Arild Nydegger Øvre-Eide, Solveig Lilletvedt, Clara Hveem, Jostein Ljones og Knut Flatabø.

Årsmøtet godkjennde resolusjonane i tråd med kommentarane.

Årsmøtesak 4

Innkome saker

Ingen saker vart melde inn.

Årsmøtesak 5

Årsmelding

Vedtak:

Årsmeldinga for 2009 godkjend med kommentarar/rettingar

Årsmøtesak 6

Rekneskap

Vedtak:

Rekneskapen for 2009 godkjend.

Årsmøtesak 7

Budsjett

Vedtak:

Budsjettet for 2010 godkjend.

Årsmøtesak 8

Arbeidsplan

Vedtak:

Arbeidsplanen for 2010 - 2011 godkjend.

Årsmøtesak 9

Val

Terje Larssen, leiar i valnemnda, orienterte om arbeidet og innstillinga.

Oppteljing viste 49 stemmeføre representantar. Teljekorps vart nedsett.

Ordførar leia gjennomføringa av valet. **Resultat:**

STYRET

Verv	Namn	Kommune	Krins	Status
Leiar	Marta B. Meland	Ullensvang	Krins 3	Attval
Nestleiar	Turid B. Njåstad Ikkje på val som s-medlem	Osterøy	Krins 5	Ny
Styremedlem	Clara Hveem	Kvinnherad	Krins 1	Attval
Styremedlem	Lillian Hovstad	Fitjar	Krins 1	Ikkje på val
Styremedlem	Jostein Ljones	Kvam	Krins 3	Ny
1. vara	Morten Samskott	Voss	Krins 4	Ny
2. vara	Arild N. Øvre-Eide	Bergen	Krins 2	Ny
3. vara	Anne B. Handeland	Sveio	Krins 1	Attval

REVISOR: Revisorgruppen Voss.
ORDFØRAR: Jostein Hellestveit (ny).
VARAORDFØRAR: Inger-Maria Vika (attval).
AKSJONSUTVAL: Styret i Hordaland Bondelag.

NYE ÅRSMØTEUTSENDINGAR, 2010 - 2011:
Jostein Ljones, Morten Samskott, Arild Nydegger Øvre-Eide.

VARAUTSENDINGAR TIL ÅRSMØTET 2010:

1. vara: Anne Bakke Handeland. 2. vara: Bjørne Røthe.
3. vara: Roar Angelskår. 4. vara: Sjur Tarjei Fykse.
5. vara: Magne Gjuvsland. 6. vara: Geir Totland (org. sjef).

GODTGJERSLE: - Dagmøte inntil 4 timar; kr 750,-
- Dagmøte over 4 timar; kr 1 500,-
- Bilgodtgjersle; Statens satsar i regulativet frå mars 2010 gjeld fram til årsmøtet 2011.

VALNEMND:

Krins	Fast representant	Status	Vararepresentant
1	Anita Larsen	Ny	Oddvar Oldereide
2	Toralv Huse	Ikkje på val	Jan Hauge
3	Terje Larssen (leiar)	Attval	Jon Larsgard
4	Magnar Nese	Ny	Johan Børsheim
5	Solveig Vabø (nestleiar)	Ikkje på val	Reidar Konglevoll

Ordfører Ingvor Gundegjerde takka for eit godt møte, og ønskte alle vel heim.



Styret og tilsette på omvisning på Hardanger Saft og Siderfabrikk i Ulvik før årsmøtet.

ORGANISASJONS- OG MEDLEMSARBEID

Lokallaga i Hordaland

Hordaland Bondelag har 41 lokallag ved starten av 2011.

Medlemstal

Per 1. januar 2010 hadde Hordaland Bondelag 3 482 medlemmar. Ved utgangen av året var medlemstalet auka til 3 592. Totalt var det 265 personar som melde seg inn, medan 156 melde seg ut. Resultatet vart ei prosentvis auke på 3,2 %!

Norges Bondelag hadde ein vervekampanje/konkurranse hausten 2010, der Hordaland vart nest beste fylke, slått på målstreken av Rogaland Bondelag. Hordaland hadde høgast prosentvis auke, 1 prosent høgare enn Rogaland. Fleire lokallag utmerka seg med stor innsats og mange nye medlemmar. Best vart Voss Bondelag og Osterøy Bondelag, med 10 nye medlemmar kvar.



Speidar etter medlemmar.

Aktive lokallag

Styret har utarbeidd retningslinjer og søknadsskjema for aktive lokallagsmidlar. Laga må ha aktivitet ut over ordinær drift for å få tildeling. Aktivitet ovafor opinion og politikarar vert vektflagd. Potten i år var på kr 50.000, inkludert tilleggsløyvingar til laga som arrangerte Open Gard.

Lokallag som fekk midlar i 2010: Omvikdalen Bondelag, Manger Bondelag, Alversund og Seim Bondelag, Bergen Bondelag, Stord Bondelag, Austrheim/Lindås Bondelag, Os Bondelag, Eikanger Bondelag, Voss Bondelag, Granvin Bondelag, Fitjar Bondelag, Etne Bondelag og Sveio Bondelag.

Lokallaga i Hordaland Bondelag

2010/2011

Reg	lok.l	nr	Lokallagnamn	Namn	Adresse	Postnr	Stad	Telefon	Mobil
1	812	1101	Etne Bondelag	Anita Larsen	Kambe	5590	ETNE	53757784	97588639
1	812	1601	Sveio Bondelag	Frode Handeland	Dyngjo	5550	SVEIO		41215083
1	812	1901	Bømlo Bondelag	Eivind Nesse		5430	BREMNES	53427566	45614621
1	812	2101	Stord Bondelag	Torunn Eikeland	Kyvik	5414	STORD	53413875	92428832
1	812	2102	Huglo Bondelag	Erik Willgohs		5497	HUGLO	53495616	90145359
1	812	2201	Fitjar Bondelag	Reidar Kloster		5419	FITJAR	53497812	95097620
1	812	2401	Varaldsøy Bondelag	Erling J. Skjelnes	Lindeberg	5636	VARALDSØY	53488137	90770037
1	812	2404	Omvikdalen Bondelag	Kjetil Mehl	Landaveien 192	5464	DIMMELSVIK		98064163
1	812	2405	Uskedalen Bondelag	Olav Hjetland Bringedal	Kjerlandssido 65	5463	USKEDALEN		41104745
1	812	2407	Ølve/Hatlestrand Bondelag	Arne Presthus	Presthus	5637	ØLVE	53489174	91198020
1	812	2410	Åkra Bondelag	Oddbjørn Sørheim		5499	ÅKRA	53479970	90760349
1	812	2411	Halsnøy Bondelag	Anders Nordhus	Fjelberg	5459	FJELBERG		41206621
2	812	0103	Bergen Bondelag	Arild Nydegger Øvre-Eide	Øvre-Eide 36	5105	EIDSVÅG I ÅSANE		90843412
2	812	2301	Tysnes Bondelag	Leif Magne Hovland	Hovland	5694	ONARHEIM		41212193
2	812	4101	Fusa Bondelag	Bente Juveng Øpstad		5641	FUSA		41642552
2	812	4201	Samnanger Bondelag	Anne Frøland	Frøland	5650	TYASSE	56586531	91750242
2	812	4301	Os Bondelag	Martin Lyssand	Lyssand 5	5200	OS	56306094	97166960
2	812	4401	Austevoll Bondelag	Ingolv Skumsnes	Hufthamar	5392	STOREBØ	56184988	98870803
2	812	4601	Sotra og Øygarden B.	Terje Monrad Fauske	Nore Nesvegen 10	5357	FJELL	56333687	90551947
2	812	4701	Askøy Bondelag	Arvid Nese	Nybø Gård	5307	ASK	56149160	90037726
3	812	2701	Jondal Bondelag	Ivar Kvåle	Krossdalen	5627	JONDAL	53688046	47600152
3	812	2801	Odda/Røldal Bondelag	Kåre Johannes Aase	Åse	5750	ODDA	53645622	91330136
3	812	3101	Ullensvang Hagebrukslag	Sissel J. Opedal	Opedal	5781	LOFTHUS	53661429	90870340
3	812	3802	Strandebarm Bondelag	Annhild Oma	Omavn 139	5632	OMASTRAND	56554208	99459694
3	812	3803	Vikøy og Øystese Bondelag	Torkel Hovland	Hovlandsvegen 61	5610	ØYSTESE	93434809	
3	812	3805	Tørvikbygd Bondelag	Oddbjørn Børge	Tveiten	5620	TØRVIKBYGD	56558414	90626315
4	812	3301	Ulvik og Eidfjord Bondelag	Stein Olav Kolås		5730	ULVIK		95700849
4	812	3401	Granvin Bondelag	Inga Winjum Rørtien	Såkvitne	5736	GRANVIN	56525734	97571612
4	812	3501	Voss Bondelag	Ole Jørgen Rio	Reppavegen 22	5710	SKULESTADMO	56516920	41564303
4	812	3502	Bulken - Evanger Bondelag	Bjørne Røthe	Dyrvedalsvegen 512	5700	VOSS	56514447	91330065
4	812	3503	Vossestrand Bondelag	Ole Draugsvoll	Draugsvollbakkane 12	5713	VOSESTRAND		91179664
4	812	5101	Vaksdal Bondelag	Olav Gammersvik	Gammersvik	5727	STAMNES	56598210	47370133
4	812	5103	Eksingedalen Bondelag	Rune Nesheim	Flatekval	5728	EIDSLANDET	56595838	91621107
4	812	5201	Modalen Bondelag	Jan Arild Steinsland	Helland	5729	MODALEN	56599701	41573345
5	812	5301	Osterøy Bondelag	Lars Mæle		5286	HAUS	56390206	97739761
5	812	5601	Meland Bondelag	Kåre Skjellanger	Skjellanger	5917	ROSSLAND	56175064	99209820
5	812	6001	Manger Bondelag	Asgeir Nøttveit	Nøttveit	5936	MANGER	56373421	48154556
5	812	6301	Austrheim / Lindås B.	Froydis Haugen		5955	LINDÅS		48288669
5	812	6303	Alversund og Seim B.	Reidar Konglevoll	Seim	5912	SEIM	56351334	92848980
5	812	6306	Eikanger Bondelag	Roar Angelskår	Eidsheim	5915	HJELMÅS		95205228
5	812	6601	Masfjorden Bondelag	Gerd Astrid W. Haugsvær		5983	HAUGSVÆR	56366227	

Samanslåing av lokallag

På slutten av året vart det sett i gong ein prosess for å slå saman Rosendal og Seimsfoss Bondelag med Omvikdalen Bondelag, samt Radøy Bondelag med Manger Bondelag. I starten av 2011 har difor Hordaland Bondelag 41 lokallag i staden for 43. Fusjoneringa kan auke slagkrafta i kommunepolitikken ved at fleire medlemar står samla i eit lokallag.

Regionmøta

Dei fem regionmøta vart haldne på Voss, på Stord, i Bergen, på Lindås og i Utne i februar. Møta samla 28 lokallag og 62 medlemmar. Både fylkesstyret og tilsette på kontoret deltok. Mange saker vart tekne opp, mellom anna komande jordbruksforhandlingar, ny stortingsmelding og "Lokallaga i sentrum".

Årsmøta i lokallaga

Hausten 2010 vitja tillitsvalde og tilsette i fylkeslaget 20 lokallagsårsmøte. Dette er ei prioritert oppgåve frå fylkeslaget, og målet er at laga skal få vitjing minst annakvart år. I tillegg skal det ystast ekstra hjelp til lag med låg aktivitet.

Leiarmøtet

24 lokallag, styret og tilsette frå Hordaland Bondelag reiste til Geilo for å ha leiarmøte i lag med Buskerud Bondelag. Dei to fylkeslaga hadde fellesmøte torsdag og møte kvar for seg fredag. Hovudtema var den nye stortingsmeldinga og politikarkontakt i valåret 2011. Varaordførar frå Hol kommune heldt innlegg, og lokallagsleiar Reidar Konglevoll frå Alversund og Seim Bondelag gjekk gjennom ulike saker som lokallaga kan løfte fram og diskutere med kommunepolitikarane.



Nye lokallagsleiarar: Stein Olav Kolås - Ulvik og Eidfjord Bondelag, Frøydis Haugen - Austrheim og Lindås Bondelag, Bente Juveng Øpstad - Fusa Bondelag, Kjetil Mehl - Omvikdalen Bondelag, Annhild Oma - Strandebarne Bondelag og Ole Draugsvoll - Vossestrand Bondelag.

Lokallaga vart delte i grupper og jobba med invitasjonsbrev og føredrag til ”sine” kommunestyre, samt ei kommunebrosjyre. Gruppearbeidet skal danne grunnlag for vidare arbeid lokalt. Fredagen vart salen delt i fire ”summegrupper” som diskuterte forskjellige tema. Nytt av året var eigen samling for nye lokallagsleiarar, der 6 nyvalde leiarar var med. Både fylkesstyret og administrasjonen deltok.

Årsmøtet i Norges Bondelag

Årsmøtet i Norges Bondelag vart halde på Lillehammer 23. - 24. juni. Fylkeslaget stilte med sju utsendingar: Marta Bjørgum Meland, Turid Bjørndal Njåstad, Lillian Hovstad, Lars Istad, Arild Nydegger Øvre-Eide, Sjur Tarjei Fykse og Geir Totland.

*Marta og Sissel Fykse frå Norges Bondelag.
Under: Hordalendingar på årsmøte.*



Hordaland Bondelag sine hovudinnlegg i generaldebatten var knytt til utfordringane for vestlandsjordbruket, rekruttering til landbruksnæringa og problematikk kring jordbruksavløysing.

Statsminister Jens Stoltenberg vitja møtet, der den nye stortingsmeldinga om landbruks- og matpolitikk stod sentralt. Nils T. Bjørke vart attvald som leiar og Jostein Hellestveit vart vald som leiar i valnemnda. Styremedlem Clara A. Hveem var ikkje på val.

Marta Bjørgum Meland og Geir Totland deltok på representantskapsmøtet til Norges Bondelag i førekant av årsmøtet.

Jordbruksforhandlingane

Studieringar og lokal diskusjonar

Lokallaga gjennomførte studieringar framføre jordbruksforhandlingane. 19 lokallag kom med skriftlege innspel til Hordaland Bondelag si uttale.

Samråingsmøte

På vegne av Samarbeidsrådet inviterte Hordaland Bondelag ulike organisasjonar til diskusjonsmøte om jordbruksforhandlingane. Møtet fann stad på Landbrukstunet 25. januar. Ni organisasjonar sende skriftlege innspel til bondelaget i etterkant av møtet.

Uttale frå Hordaland Bondelag

Hausten 2009 starta eit arbeid for mogeleg fellesuttale med fylkesbondelaga i Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal. Føremålet var å synleggjere dei særlege utfordringane på Vestlandet, og å få gjennomslag for ei samla tiltakspakke. Prosessen var grundig, med fleire drøftingsmøte fram mot høyringsfristen. På møtet i Ålesund 8. og 9. februar samla fylkesstyra seg om uttalen *"Inntektsmogelegheitene til Vestlandbonden må løftast"*. Hovudkrava var:

- Prioritering av dei arbeidskrevjande grovfôrproduksjonane.
- Prioritering av målretta tilskot for Vestlandet, gjennom:
 - høgare driftstilskot for mjølkeproduksjonen.
 - høgare distriktstilskot for sau- og storfekjøtt.
 - eige investeringspakke for det grasbaserte husdyrholdet.
 - styrking av beitetilskotet for storfe og småfe.

Prioriteringane vart forankra i regionmøta før fellesmøtet i Ålesund. Hordaland Bondelag sendte inn supplerande uttale til fellesuttalen, med vekt på innspela frå lokallaga.



Styra i Sogn og Fjordane-, Møre og Romsdal- og Hordaland Bondelag i Ålesund.

Aksjonsdag

Den landsomfattande aksjonsdagen i samband med jordbruksforhandlingane vart halde 14. april. Norges Bondelag hadde også i år trykt opp ei avis; "Bøndernes Kundeavis", der bodskaperen var at norsk matproduksjon handlar om meir enn matprisar. Når kundane handlar norsk mat får dei levande bygder, arbeidsplassar i distrikta og vakkert kulturlandskap med på kjøpet.



Vossingar førebur aksjon. Foto Lars Istad. Kontakt med publikum på Øyrane Torg.

20 lokallag rigga seg til utafør kjøpesenter og butikkar, med utdeling av "Bøndernes Kundeavis" og smakebetar på lokal mat. Fylkesstyret og tilsette vitja ordførar Gunnar Bakke (Frp), byrådsleiar Monica Mæland (H) og fylkesordførar Torill Selsvoll Nyborg (Krf) med kundeavisa, og freista med ost frå Ostegården og pølse frå Bønnes Gardsmat.



Marta Bjørgum Meland delte ut smaksprøver til, f.v., Monica Mæland, Gunnar Bakke og Torill Selsvoll Nyborg.

Aksjonsdagen vart også markert under konferansen "Møteplass reiseliv - Hordaland" på Voss, som samla 100 deltakarar. Hordaland Bondelag delte ut "Bøndernes kundeavis" og profilerte aksjonsbodskaperen gjennom banner "Mer enn bare lave priser" og "Kjærlighet til norsk mat". I sitt innlegg streka Anne Grethe Bakke, dagleg leiar i Destinasjon Voss, under verdien av aktivt landbruk og matproduksjon for reiselivet i landsdelen vår.

Ingrid Tennebekk Bjørke, styremedlem i Hordaland Bondelag og leiar i HBU, var gjest i Frukostshowet til Radio 1 på aksjonsdagen. Her fekk ho høve til å profilera norsk landbruk ovafor urbane bergensarar i over to stive timar. Slå den!

Politisk kontakt

Fylkeslaget jobba aktivt ovafor politikarane i førekant av jordbruksforhandlingane. I dette høve utveksla Marta Bjørgum Meland og Per Hilleren (leiar i Sogn og Fjordane Bondelag) synspunkt og mogelegheiter med AP sine fylkesleiarar i heimfylka, med oppmoding om ta innspela med seg til partileiinga.

Framføre jordbruksforhandlingane starta eit tverrpolitisk ordføraroppopp om å gi landbruket over heile landet eit løft. Over 200 skreiv under oppropet, derav 16 frå Hordaland.

Aksjonsberedskap

Norges Bondelag hadde høg aksjonsberedskap dersom brot. Fylkeslaget la opp detaljerte planar, med involvering av lokallaga. Aksjonsviljen hos medlemmane var stor, og trykket høgt. Enkelte stader gjennomførte bønder spontanaksjonar på eige initiativ.



Bønder i Nordhordland gjennomførte ein traktoraksjon, der over 50 traktorar kørde kortesje i sneglefart på hovudvegen inn til Knarvik. Meldinga til politikarane var å gi jordbruket levelege rammer.

Resultatet av oppgjeret

Norges Bondelag valde å inngå avtale med Staten. Ramma vart 950 millionar, med ein forhandlingsgevinst på 200 millionar. Det var lenge tvil om utfallet, og faren for brot var stor. Styrking av tollvernet på mjølk, med omlegging til prosenttoll, vart avgjerande for at avtale vart inngått. Grovfôrproduksjonane kom relativt godt ut. Avtalen vil for 2009 – 2011 gje jordbruket lik kronemessig utvikling som andre grupper i samfunnet.

Avtalen vart mykje diskutert både i fylkeslaget og lokallaga, og det var delte meiningar om resultatet. Marta Bjørgum Meland roste forhandlingsutvalet i NB for ein god jobb i ein vanskeleg situasjon.

Inkludering av lokallag og medlemar

Fylkesstyret heldt tre telefonmøte med lokallaga i samband jordbruksforhandlingane (informasjon og meningsutveksling). Etter jordbruksoppgjeret arrangerte Hordaland Bondelag ope møte på Voss, der leiar i Norges Bondelag, Nils T. Bjørke, orienterte om innhaldet i avtala - og kva som låg til grunn for å skrive under. Fylkeslaget hadde jamlege nettoppslag om forhandlingane og prosessen.

Ungdom og rekruttering

Hordaland Bondelag jobba mykje med rekruttering i 2010. Fylkeslaget arrangerte mellom anna Unge Bønder-kurs i samband med Agro Hordaland, og støtta opp om HBU sitt haustarrangement, Vossaslepp.

I februar deltok Lillian Hovstad og Tore Henrik Øye på Norges Bondelag sin nasjonale konferanse om rekruttering til grøn, høgare utdanning. Ingrid Tennebekk Bjørke heldt flammane innlegg om rekruttering på landbruksministeren sitt "idé møte" i Bergen om komande stortingsmelding, samt på Norges Bondelag sitt årsmøte.

Ho hadde også innlegg i BT, med tittelen "Snakk bygda opp – ikkje ned".



Lillian Hovstad i diskusjon med "vestlandsbenken" på seminaret "Frå kjøkkenbord til doktorgrad" .

Hordaland Bondelag deltok i år som i fjor under Bergen Internasjonale Filmfestival (BIFF). I samarbeid med Fylkesmannen si landbruksavdeling og representantar frå BIFF, vart 4 filmar om mat og matproduksjon plukka ut. Informasjonsskriv gjekk ut til skuleelevar som skulle sjå filmene. Tillitsvalde frå Hordaland Bondelag heldt korte innlegg under framsyningane, og svarde på spørsmål frå ungdomane i salen. Styret og tilsette har òg delteke i strategiarbeid i regi av Fylkeskommunen og Fylkesmannen i Hordaland.

Opplæring av McDonald's tilsette

I 2010 samarbeidde Norges Bygdeungdomslag (NBU) og McDonald's om å fokusera på norsk landbruk og norsk matproduksjon. I dette høve arrangerte konsernet gardsbesøk for sine tilsette, der føremålet var å gi opplæring om gardsdrift. Besøksrunden vart gjennomført i store delar av landet, med opplegg på kring 10 gardar.



Hordaland Bondelag var med og la til rette for gardsbesøk på 4H-garden på Garnes. Deltakarane var innom 5 postar, fordelt på mjølking, føring av sauer, stell av hest (med ridetur), køyring med hest og vogn og natursti ("McDonaldsquizz").

Samarbeidet mellom NBU og McDonald's, resulterte også i ein stor kampanje for å styrkje rekrutteringa til grøn, høgare utdanning, samt konkurransen "Årets Unge Bonde". Fylkeslaget støtta begge tiltaka med marknadsføring og informasjon.



Einar Tvedt på 4H-garden syner McDonald's tilsette kor milkshaken kjem i frå.

Brosjyre om naturbruksskulane

I 2009 starta samarbeidet med Voss jordbruksskule, Hjeltnes Gartnarskule og Stend vidaregåande skule om å betre marknadsføring av skuletilboda. Arbeidet vart vidareført i 2010, med utarbeiding av brosjyre om naturbruksutdanninga. Ungdom oppvaksnen på gard var hovudmålgruppa, og alle produsentar i fylket fekk brosjyren i posten. Brosjyren vart også delt ut på utdanningsmesser og sendt til fleire ungdomsskular. Målet er at den aktualiserar naturbruk som valretning hos dei som skal byrje på vidaregåande skule.

4H

4H er ein viktig organisasjon for landbruket, og både fylkesleddet og mange av lokallaga har godt samarbeid med 4H Hordaland og 4H-klubbane i fylket. I 2010 støtta Hordaland Bondelag ein 4Har frå Hordaland som deltok på 4H Norge sin studietur til Gambia.

Medlemsverving

Hausten 2010 vart det gjennomført ein storslagen vervekampanje, der Norges Bondelag fekk 948 nye medlemmar. Etter kampanjen kom det ytterligare 200 nye, så no er medlemstalet det høgaste sidan 1998.

Verveutvalet i Hordaland Bondelag, Lillian Hovstad, Jostein Ljones og fylkeskontoret, la strategien for kampanjen i fylket vårt. Unge Bønder-kurset var ein god arena for verving, og i tillegg gjorde mange lokallag og enkeltpersonar ein flott innsats. Resultatet vart 96 nye medlemmar til fylkeslaget.

Æresmedlemmar

Æresmedlemskap er ei heider til personar som har gjort spesielt godt arbeid for organisasjonen og medlemmane.

Utmerkinga kan gjevast både på lokal-, fylkes- og landsnivå i organisasjonen.

Hordaland Bondelag har tre æresmedlemmar: Knut A. Dugstad frå Voss, Anna Sylvia Haukås frå Bergen og Kari Valland frå Kvam.



Anna Sylvia Haukås og Geir Totland utafor Landbrukstunet.

Anna Sylvia fylte 90 år i august, og heldt selskap for dei tilsette på fylkeskontoret!



ARBEIDET I FYLKESLAGET

Kontorfellesskapet på Landbrukstunet

Hordaland Bondelag har kontor ved Landbrukstunet på Stend. Her har vi gode kontortilhøve og eit godt fellesskap med Norsk Landbruksrådgiving Hordaland, Veksthusringen og FanAgro.

Styremøte

I 2010 hadde fylkesstyret 8 styremøte, mellom anna samrådsmøte i Ålesund. Styret heldt også 5 telefonmøte og handsama 82 saker.



FanAgro tilbyr m.a. hjelp til landbruksvegplanlegging og skogbruksaker.

Arbeidsplan 2010 - 2011

Arbeidsplanen vart vedteken på årsmøtet, og byggjer på visjonen ”Vi får Norge til å gro”.

Utdrag:

- Hordaland Bondelag skal arbeide for å ivareta landbruket og medlemmane i Hordaland sine interesser på ein best mogeleg måte. Målet er å fremja eit bærekraftig landbruk som sikrar mat, miljø og levande bygder, og med det ei bærekraftig samfunnsutvikling. Fylkeslaget må til kvar tid vere budd på å ta opp viktige saker.

Arbeidsplanen formulerar konkrete mål innfor næringspolitikk, kommunikasjon og organisasjon:

- Arbeide for å betre økonomien og rekruttering i vestlandsjordbruket.
- Ha god kontakt mot politisk miljø.
- Arbeide med organisasjonsopplæring og rekruttering, med vekt på kvinner og unge.

Rekruttering med vekt på kvinner.



Bondelagssida i Vestlandsk Landbruk

Styret har også dette året hatt informasjon og innlegg på bondelagssida i Vestlandsk Landbruk. I haust vart bladet nedlagt, etter vedtak i Samarbeidsrådet for landbruk i Hordaland og Sogn og Fjordane. Det var delte meiningar mellom dei største eigarane, men fleirtalet gjekk for nedlegging. Siste nummer kom ut i september.

Internett (www.bondelaget.no/hordaland)

Arbeidet med nettsida har hatt prioritet, og Hordaland er framleis blant dei 3 beste fylkeslaga på tal nettsaker og lesarar. Målet er å spegle arbeidet i fylkeslaget og situasjonen for hordalandsjordbruket på ein god måte, slik at også pressa og offentleg forvaltning brukar sidene. Fylkesstyret, lokallag og andre har medverka til reportasjar, og løpet av 2010 publiserte vi om lag 240 nettartiklar.

Nytt av året var ”Sommarpuls”, der samarbeidande organisasjonar fekk høve til å presentera saker dei er opptekne av. Hordaland Bondelag har også ei facebookside, der alle interesserte kan bli tilhengjarar. Sida vert nytta til nyhende, diskusjonar og nettverksbygging.

Bygdefolkets Studieforbund (BSF)

BSF Hordaland vart lagt ned som avdeling i 2008. Hordaland Bondelag er regionkontakt for BSF, og skal bidra til å styrkje utvikling, aktivitet og opplevingar innan landbrukskompetanse.

Open Gard

Open Gard er eit årleg og landsomfattande arrangement for å skape positive haldningar til landbruket. Den ”nasjonale dagen” for Open Gard, var 22. august.

I år var Open Gard arrangert på Manger, Lindås og Voss, samt i Bergen, Sveio og Omvikdalen. I tillegg var Etne Bondelag medarrangør for Etnemarknaden, og fleire lokallag deltok på landbruksdagar, ”Bondens dag”, bondemarknadar og liknande.



Frå Open Gard i Omvikdalen. Foto Rannveig Hjelmeland.

Økologisk drift: Føregangsfylke dyrking av økologisk frukt og bær.

I jordbruksavtalen 09 vart det sett av midlar til satsing på økologisk matproduksjon. Hordaland og Sogn og Fjordane vart i lag valde ut som føregangsfylke for å auke satsinga på økologisk dyrking av frukt og bær.

Offentleg støtte ved nyetablering av økologiske frukthagar har vist gode resultat i Hordaland, og dette arbeidet vil halde fram i begge fylka. Andre tiltak er forskning på plantevern, næringstilførsel til plantane, sortar og kvalitet. Distribusjonen vil og verte utvikla, mellom anna skal 6000 elevar i dei to fylka få økologisk skulefrukt. Clara Hveem sit i styringsgruppa for Hordaland Bondelag.



Foto Rannveig Hjelmeland.

Inn på Tunet (IPT)

Norges Bondelag har eit IPT-utval, der Hordaland er representert med Reidar Konglevoll. Utvalet skal sikre IPT-produsentanes faglege og næringspolitiske interesser, samt gje råd til styret i Norges Bondelag.

Norges Bondelag har utvikla eit verkty for kvalitetssikring av IPT-tenester. Dette inneheld ny kvalitetssstandard og nytt avtaleverk som skal sikre tryggleik både for brukarar, kjøparar og tilbydarar. Verktøyet er no ferdig og vert prøvd ut på utvalde gardar.

Hordaland Bondelag har også vore med på Fagforum Inn på Tunet Hordaland si haustsamling i Sveio.

Samarbeidsrådet for landbruk Hordaland/Sogn og Fjordane

Leiar og organisasjonssjef representerar Hordaland Bondelag i Samarbeidsrådet. Ingunn Sognnes, Tine, er leiar i rådet. Sentrale aktivitetar i 2010 var fellesmøte med stortingsrepresentantane frå dei to fylka, samrådsmøte mellom ulike landbruksorganisasjonar i førekant av jordbruksforhandlingane, samt rådsmøte.

Møte med Stortingsbenken

Samarbeidsrådet arrangerte møte med stortingsrepresentantane frå vestlandsfylka i februar. Det vart eit hyggeleg møte i Oslo. På programmet stod:

- * ”Vestlandslandbruket sin plass i Norge og verda”
- * ”Konkrete løysingar og prioriteringar ved våren sitt jordbruksoppgjær”
- * ”Den norske modellen – vi har framleis eit landbruk over heile landet. De som politikarar har reiskapane – i kva grad er de viljuge til å bruke dei”?

PROSJEKT

”Lokallaga i sentrum”

Satsinga starta i januar 2010. Bakgrunnen var fylkesstyret sitt ønskje om ekstra innsats ovafor lokallaga. Dette ved å leggje til rette for - og støtte opp om drifta i tråd med lokale utfordringar, ønskje og behov.

Arbeidet skal gi fylkesstyret god forståing av situasjonen lokalt, som grunnlag for tenleg praksis ovafor lokallaga. Resultatet skal bli gode arbeidsmåtar og tiltak som lettar arbeidet for dei tillitsvalde.

Det er lagt vekt på jamleg kontakt med lokallaga for tilbakemelding. Kontakten har danna grunnlag for prioritering av ulike gjeremål, som;

- Oppretting av ”fadderordning”, der kvar styremedlem har sine ”kontaktag”.
- Praktisk retta informasjon på nettet (lokallagslogar, høyringssaker, m.m).
- Registrering av mobilnummer som grunnlag for SMS- varsling.
- Studietur for nye lokallagsleiarar.
- Malar: kommunebrosjyre, invitasjon til bedriftsbesøk, politikarspørsmål, m.m

Prosjektet har vore oppe på alle organisasjonsmøte i regi av fylkeslaget. Bjørne Røthe og Erik Willgoth har representert lokallaga, medan Lillian Hovstad og Jostein Ljones har delteke frå fylkesstyret. Tore Henrik Øye har leia arbeidet for administrasjonen. Sluttrapport skal leggjast fram på årsmøtet i 2011.



Fylkesstyret og nye lokallagsleiar var på studietur til Norges Bondelag og Hvam videregående skole i september.

Prosjekt om småskala kraftverk

Norges Bondelag sitt prosjekt ”Småkraft som næringsveg” har gått for fullt i 2010, som er det siste prosjektåret. Terje Engvik er prosjektleiar og lokalisert i Førde. Norges Bondelag har eigarskap til prosjektet.

Prosjektet skal arbeide for småkraftrealisering og lokal verdiskaping. Ei av tenestene er gratis informasjon til fallretteigarar om fallrettar, grunneigarorganisering, avtalar og andre aktuelle småkrafttema. Vestlandsfylka var det geografiske utgangspunktet, men stor interesse har ført til at prosjektleiar også har støtta opp om satsingar andre stader i landet.

I 2010 har prosjektleiar halde fram med informasjon og rettleiing ovafor bønder med interesse for småkraftverk. Mange har etter kvart starta opp, fleire er i etableringsfasen, medan nokre framleis er i tenkeboksen. Sentrale saksområde har vore ”Grøne sertifikat”, nettkapasitet og ny landbruksmelding.

Terje Engvik har hatt kontakt med, og fylgd opp fleire utbyggarar i fylket. Han har òg delteke på ulike møte og samlingar. Mellom anna som innleiar ved opning av Jåstad småkraftverk i Ullensvang. Vidare var prosjektleiar med på energiseminar i Ulvik i lag med formannskapsmedlemar, grunneigarar og andre interesserte.

Av andre kontaktar i Hordaland, kan ein nemne prosjektleiar sitt gode samarbeid med Kraftsenteret i Samnanger. Prosjektet har òg hatt mange oppslag på nettsida til Hordaland Bondelag. Satsing på fornybar el-produksjon blir stadig meir aktuelt. I dette høve jobbar bondelaget med eit nytt prosjekt som inkluderer både ytterlegare satsing på småkraft og nye energikjelder. Denne satsinga vil eventuelt bli utvida geografisk.

Prosjekt og utval i regi av andre

Geit i vekst

Prosjektet omfattar Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal. Føremålet var å sikra ein framtidretta geitemjlkproduksjon og oppnå status som ein sjukdomssanert geiteregion. Prosjektet gjekk fram til juli 2010, men finansiering for ny periode er no på plass, og prosjektet vil halde fram til april 2014. Målsettingane frå førre prosjektperiode vert vidareførde. Heimesida til Geit i Vekst er å finne under linken www.tinevest.no.

Landskap i drift

Det treårige prosjektet (08-10) var eit samarbeid mellom Fylkesmannen i Hordaland, Innovasjon Norge, Hordaland Fylkeskommune, Hordaland Bondelag, Hordaland Bonde- og Småbrukarlag, Nortura, Hordaland Sau og Geit og kommunane. Prosjektet vart leia av Fylkesmannen si landbruksavdeling. Jostein Hellestveit frå Hordaland Bondelag har vore leiar i prosjektstyret.

Landskap i drift har sidan prosjektet starta stelt 4 660 daa, fordelt over 11 område. Midlane vart brukte til gjerding, rydding og innkjøp av utstyr og tenester. Prosjektet skal

no vidareførast med små justeringar ut 2011, og det vert jobba med å skaffa finansiering til ytterligere drift. Les meir på nettsida: www.landskapidrift.no.

Storfeprosjektet i Hordaland, 2009-2012

Storfeprosjektet i Hordaland er ei vidareføring av fleire tidlegare prosjekt: ”Økomjølkk Vestlandet 2002-2003”, ”Vi satsar på mjølk i Hordaland 2004-2006” og ”Vi satsar på mjølk og storfekjøtt i Hordaland 2006-2008”.



Prosjektet er eit samarbeid finansiert av fleire aktørar i landbruket (Fylkesmannen, TINE, Innovasjon Norge og Felleskjøpet Agri). Hovudaktiviteten er informasjon og rettleiing til dei som vurderar nybygg / påbygg/ samdrift, utviding eller omlegging av drifta. Lars Istad sit i styringsgruppa for Hordaland Bondelag.

Landskapsparkar i Hordaland

Prosjektet er leia av Fylkesmannen si landbruksavdeling. Marta Bjørgum Meland deltek i styringsgruppa. Føremålet er å medverke til bygdebasert reiselivsutvikling. Bygdene i landskapsparkane arbeidar for å gjere heimstaden til ein open, inkluderande og god stad å besøkje og bu. Så langt er det 8 landskapsparkar i Hordaland. På nettsida www.landskapspark.no kan ein lese meir om prosjektet.

Frukt og bær rundt neste sving

Med utgangspunkt i profesjonell frukt og bærproduksjon, skal programmet utvikle eller vidareutvikla salbare produkt og tenester særleg knytt til reiseliv. Prioriterte tiltak er å nytte frukt, bær og kulturlandskap som grunnlag for opplevingar, auke tilgjenge av frukt og bær som mat og, samt utvikle godt vertskap. Terje Larssen er med i styringsgruppa.

Nytt beiteutval

I 2004 vart investeringsstøtta i organisert beitebruk teke inn i SMIL-ordninga, og flytta frå fylkesmannen til kommunane. Dette førde til at dåverande beiteutval vart lagt ned. Frå i år er denne støtta tilbakeført til Fylkesmannen, og eit nytt beiteutval med representasjon frå Sau og Geit, Hordaland Bondelag, Hordaland Bonde- og Småbrukarlag og Fylkesmannen si landbruksavdeling (FMLA) vart etablert. Anne Bakke Handeland er bondelaget sin representant i utvalet.

”Meir sau i Hordaland”

Prosjektet er i startgropa, og Turid Bjørndal Njåstad representerte fylkeslaget på oppstartsmøtet 10. desember, i regi av FMLA. Hordaland Sau- og Geit har fått ansvar for drifting av prosjektet.

ARRANGEMENT I REGI AV BONDELAGET

Skattekurs

Norges Bondelag arrangerer årleg skattekurs for rekneskapskontor som har samarbeidsavtale med bondelaget. Kurset går over heile landet, og i Hordaland var det i år lagt til Bergen. Programmet gir nyttig oppdatering på sentrale skatterettslege og rekneskapsfaglege område. I samband med kurset arrangerer Norges Bondelag og Økonomiforbundet ein temadag. Temaet i Hordaland i år var ” Elektronisk registrering av foretak”. Det var 54 deltakarar på skattekurset og 16 på temadagen.

Agro Hordaland 2010, med Unge Bønder-kurs

Agro Hordaland er meint som den store møteplassen for hordalandsbøndene, med Tine, Nortura, Felleskjøpet og Hordaland Bondelag som arrangørar.

Årets arrangement var det andre i rekkja, og fann stad i Bergen, 28. og 29. oktober.



Debattantane.

Programmet var allsidig, frå debattmøte til fagkurs og samlingar for organisasjonane. Debatten fekk tittelen ”*Matmakt - er det vinnarar og taparar i denne kampen?*”, med følgjande debattantar: Einar Steensnæs, leiar i ”Matmaktutvalet”, Sveinung Svebestad, styreleiar i Norsk Landbrukssamvirke og Nils T. Bjørke, leiar i Norges Bondelag. Olav Kobbeltveit frå BT var ordstyrar.

På dag to kunne deltakarane velje mellom 8 ulike fagbolkar, og høyre gode innlegg. Heile arrangementet samla over 200 framømte.

Hordaland Bondelag nytta Agro Hordaland til å halde kurs for unge bønder, med fokus på eigedomsskifte.

Bondelagsadvokat Jan Bangen var ein engasjert og god kurshaldar. Kurset samla over 40 deltakarar, flest frå den unge generasjonen, men også nokre kårfolk. På tampen dukka Christian Fredrik Sandberg frå ”Jakten på Kjærligheten”

opp, og fortalde om sin situasjon som odelsgut og nært føreståande bonde. Dei fleste deltakarane deltok på heile Agro Hordaland, med debattmøte, festmiddag og fagkurs.



Christian Fredrik Sandberg.

Valnemndskurs

Den 11. og 12. januar skipa Hordaland Bondelag til kurs om valnemndsarbeid. Kurset vart halde i Bergen, og samla deltakarar frå både valnemnda og styret i fylkeslaget. Erik Engebretsen frå Norsk Landbrukssamvirke heldt kurset.

Kurs i presentasjonsteknikk

Torsdag 28. oktober, dagen før Agro Hordaland, arrangerte landbruksorganisasjonane i Hordaland kurs i presentasjonsteknikk for tillitsvalde. Marta Bjørgum Meland, Lillian Hovstad og Liv Spilde deltok frå styret i fylkeslaget. Jack Bjerkvik frå Pratomakaren var føredragshaldar.

Styrekurs om internett og facebook

I samband med Agro Hordaland 2010 skipa administrasjonen til kurs om internett og facebook for styret i fylkeslaget. Føremålet var å gje ei grunnopplæring om handtering av nettsidene og facebookside til Hordaland Bondelag, slik at kompetansen vert breitt forankra i organisasjonen.



Vi medvirkar til å halde Noreg levande og grønt

...fordi vi bryr oss og fordi vi kan.

I meir enn 100 år har vi vore ein av landbruket sine viktigaste samarbeidspartnar. Det skal vi framleis være, samtidig som vår fagkompetanse skal komme alle til gode. Vi har mål om framleis vekst, innan både landbruksvirksomheita og gjennom alle våre dotterselskap.

Ein styrkar både samvirket og bondens innkjøpsmakt ved å nytte Felleskjøpet til innkjøp både privat og i drifta på garden.



Levende opptatt av det

DELTAKING OG REPRESENTASJON

Kulturlandskapsgruppa

Leiar og organisasjonssjef er Hordaland Bondelag sine representantar i FMLA si kulturlandskapsgruppe. Sentrale oppgåver i 2010 var utdeling av kulturlandskapsprisen og revisjon av Regionalt Miljøprogram – Hordaland (RMP).

I år var det 19,4 millionar til fordeling gjennom RMP-ordninga. Marta Bjørgum Meland deltok på sluttmøtet for tildeling, som vart gjort i tråd med ” Forskrift om tilskot frå regionalt miljøprogram i Hordaland - Rettleiing for tilskotsordninga 2010”. Møtet vart halde mellom FMLA og faglaga i landbruket.

Areal- og ressursforvaltning

Fylkeslaget har vore representert på følgjande:

- * Møteserie om naturmangfaldlova. Maria Makloufi Skjold og Geir Totland representerte. Geir heldt innlegg om den nye lova ut frå bondelaget sin ståstad.
- * Møte med fylkeskonservatoren om arbeidet med vern rundt Baroniet i Rosendal.

Elles har areal- og ressursforvaltning vore gjennomgåande tema på mange møte.

Mat

Som sekretær for Samarbeidsrådet for landbruk i Hordaland og Sogn og Fjordane, deltok Geir Totland i planleggings- og strategiarbeidet for vidare drift av matfestivalen i Bergen. Gruppa sitt arbeid omfatta fleire møte, og munna ut i ein tiltaksplan for vidare drift.

Fylkeslaget deltok på Re-opning av Hanne på Høyden, og lokal mat har vore tema på mange samlingar.

Landbruks- og næringspolitikk

”Landbrukskonferansen på Voss” var halde den 27. og 28. januar, med deltaking frå Marta Bjørgum Meland, Lars Istad og Geir Totland. Programmet var knytt opp mot utfordringane for hordalandslandbruket, med bruksutvikling, juridisk og økonomisk handlingsrom, klimaproblematikk og arealforvaltning som tema. Nils T. Bjørke var med som debattant i debatten om komande stortingsmelding om mat- og landbrukspolitikk.

Den 19. mai vitjar statsminister Jens Stoltenberg med følge Bergen, som siste stopp på vestlandsturen om ”Samarbeid for arbeid”. Statsministeren var vertskap for ei mottaking i Grieghallen, der representantar for skule, arbeidsliv, politikk og næringsliv var inviterte. Nestleiar Turid Bjørndal Njåstad representerte Hordaland Bondelag, og deltok i ei arbeidsgruppe med brei representasjon:

- *Nyttig. Eg fekk diskutert næringsutvikling med representantar frå mange næringar, og statsministeren. Alle peika på landbruket som ei viktig næring.*

Den 25. oktober skipa Ølve/Hatlestrand Bondelag til **landbrukspolitisk møte**, med Jostein Ljones (Hordaland Bondelag) og Nils T. Bjørke (Norges Bondelag) som innleiarar. Tematikken omhandla utfordringane for landbruket i Hordaland og framtidsutsiktene for norsk landbruk. I september var Bergen Bondelag på **møte med Bergen SV og miljøvernminister Erik Solheim** om landbruk i bynære strøk.

Den 9. november arrangerte FMLA og NILF seminaret **”Treng vi landbruket for å halde liv i vestlandsbygdene”**, mellom anna med fylkesmann Lars Sponheim som innleiar. Lars Peter Taule heldt innlegg for Hordaland Bondelag. I tillegg deltok Clara Hveem, Turid Bjørndal Njåstad, Lillian Hovstad og Tore Henrik Øye frå fylkeslaget.

I samband med tildelinga av nytt ansvar på landbrukssida, utarbeidde Hordaland Fylkeskommune **strategi for rekruttering, likestilling og kompetanseheving**. Strategien skal danna grunnlag for fylkeskommunen si forvaltning av jordbruksavtalemiddel til føremålet. Lars Peter Taule representerte fylkeslaget i strategiarbeidet. Vedteken strategiplan ligg føre.



Fylkesmann Lars Sponheim i drivet.

Andre arrangement:

- Temakonferansen: ”Samvirket under press”. Clara Hveem og Lars Peter Taule møtte.
- Kornkonferansen, Jostein Ljones møtte.
- Landbrukspolitisk møte på Voss 22. mars.
- ”Den globale matvaresituasjonen – utfordringer og muligheter”. Seminar i regi av Bergen Næringsråd, 22. oktober. Turid Bjørndal Njåstad og Lars Peter Taule deltok, saman med fleire frå styret i Bergen Bondelag.
- Møte om strategiplan for landbruksmidlar 2011. Lars Peter Taule deltok.
- Møte i Oslo om naturmangfaldlova og forvaltingsreforma, 14.-15. september. Innlegg: H. Sørensen, Liv S. Navarsete. Marta B. Meland og Lars P. Taule møtte.
- Doktorgraddisputas om norsk landbrukspolitikk, subsidiebruk og måloppnåing. Lars Peter Taule var tilhøyrar.

Fisk og vilt

Bjarte Naterstad representerte fylkeslaget på **Hardangerfjordseminaret 2010** i Øystese, 7. og 8. mai. Seminaret sette fokus på situasjonen for villfisken i fjordbassenget. Seminaret formidla kunnskap og engasjement for vern om lakse- og sjøaurebestandane. Programmet femna både forskning, forvaltning og politikk, samt paneldebatten *”Kan sjøørreten og laksen i Hardanger berges?”*.

Tore Henrik Øye deltok på møtet ”Villaksen på kanten av stupet” i regi av Norske Lakseelver og NJFF. Kontoret har svart på førespurnadar om vedtekter for grunneigarlag og valdorganisering, samt informert om DN sin nye strategi for forvaltning av hjortevilt.

Reiseliv og næringsutvikling

Hordaland Bondelag samarbeidde med Bergen Turlag om tre organiserte fjellturar med gardsbesøk – i forlenginga av prosjektet ”Frå Fjell til Fjord”.

Den 14. og 15. april deltok Lars Istad på ”**Møteplass reiseliv – Hordaland 2010**”, i regi av Fylkesmannen i Hordaland, Innovasjon Norge, NHO Reiseliv m.fl. Leiar i Norges Bondelag, Nils T. Bjørke, og Arne Hjeltnes, kjent frå ”Gutta på tur”, var blant innleiarane. Hjeltnes peika på kor viktig landbruket er for opplevinga av reiselivsproduktet i Norge:

- *Kvar gong National Geographic har hatt verdsmeisterskap i verdas vakraste reisemål har dei norske fjordane vunne. ”Skulda” vert lagt på bøndene (sitat i Hordaland).*

Fylkeslaget var representert på konferansen ”Mat og Reiseliv 2010” i regi av Hanen, Innovasjon Norge m.fl., 27. og 28. oktober. Nils T. Bjørke heldt innlegget ”*Mat og landbruk – en del av reisemålet Norge*”.

Årsmøte og leiarmøte i samarbeidsorganisasjonar:

Organisasjon	Representant frå Hordaland Bondelag
4H Hordaland	Jostein Ljones, Maria Makloufi Skjold
Norsvin Hordaland	Clara Hveem
Hordaland Bygdekvinnelag	Turid B. Njåstad og Reidun Solberg
Hordaland Bygdeungdomslag	Clara Hveem
Felleskjøpet Rogaland Agder	Lillian Hovstad
Fjærfelaget Vest	Jostein Ljones

Andre møte og samlingar:

- BioFach 2010; verdas største messe for økologiske produkt. Marta Bjørgum Meland var del av reisefølgjet frå Vestlandet.
- ”Bioforskkonferansen 2010”, 10. og 11. februar. Marta Bjørgum Meland deltok.
- Møte på Geilo i regi av Bioforsk. Marta Bjørgum Meland deltok.
- Møte i fylkesgruppa for Landbrukets HMS-tjeneste. Lars Istad møtte.
- Møte i regi av BSF (Oslo). Maria Makloufi Skjold deltok.
- Medlemsmøte, Landkreditt. Geir Totland møtte.
- Møte om beredskapsplanar ved straumbrot i regi av BKK. Lars P. Taule deltok.
- Verdivurdering av landbrukseigedommar. Geir Totland deltok.
- Rådsmøte i arbeidstilsynet på Vestlandet den 16. september. Tore H. Øye deltok.
- Møte i Ølen om klassifisering av lammeslakt. Jostein Ljones representerte.

UTMERKINGAR

Antons Minde Ærespris for framifrå gardsdrift

Prisen, som sist vart delt ut i 2006, gjekk til Erik Willgohs, bonde og lokallagsleiar i Huglo Bondelag. Erik driv med mjølkeproduksjon og kombinert svinehold. Han har drive garden sidan 2004.

Juryen la vekt på gode driftsresultat og ein svært profesjonell innstilling til yrket. Overrekkinga av prisen fann stad under festmiddagen til Agro Hordaland.



Erik Willgohs og Marta B. Meland.

Kulturlandskapsprisen

Kulturlandskapsprisen for Hordaland gjekk til Ulvund gard på Voss, og til grunneigarane Ulvund, Ekehaug og Dukstad. Fylkesordførar Torill Selsvoll Nyborg delte ut prisen i Voss Fjellandsby.

Hordaland Bondelag var med i juryen. Nestleiar Turid B. Njåstad og varaordførar i årsmøtet, Inger-Maria Vika, var til stades under prisutdelinga.



Frå prisutdelinga. Foto Inger-Marie Vika.

Bygdeutviklingsprisen

Årets Bygdeutviklingspris gjekk til Ola Steinstø og Heidi Helgheim Steinstø. Søskena driv fruktgard og verksemder som gjev positive ringverknader i lokalsamfunnet. All frukt frå garden vert omsett gjennom Steinstø Frukt- og Kakebu. Her er kafé og utsal av frukt og bær, heimelaga eplesaft, syltetøy og gelear, smurde lefser, eplekaker med meir.

”Kjedlaren” i kårhuset er innreia til gardsrestaurant, og i tillegg tek Steinstø Fruktgard imot grupper for omvisning i frukthagen. Dei var òg ein av tre nominerte til den nasjonale Bygdeutviklingsprisen, men nådde ikkje heilt til topps.



Ola Steinstø og Heidi Helgheim

HØYRINGAR OG UTTALAR

Hordaland Bondelag har gjeve uttalar i mange saker om arealbruk, ressursforvaltning og landbrukspolitikk, ofte i samarbeid med lokallaga.

Høyringar om fylkes- og kommunesaker:

- Klimaplan for Hordaland, 2010 - 2020.
- Omdisponering av areal til luftgård for hest (for medlem).
- Rullering av Kommuneplanens arealdel, Askøy kommune.
- Kommuneplanens arealdel, Osterøy (i samarbeid med Osterøy Bondelag).
- Høring av forslag til strategi for planlegging og bruk av Bergens kyst og sjøområder til småbåthavner, båtutfart og friluftsliv på sjøen.
- Planprogram- Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Setesdal Austhei.
- Strategi for hjorteforvaltninga i Fusa, Os og Samnanger.
- Grøne sertifikat.
- Merknad til reguleringsplan for Valensenteret (i samarbeid med Sveio Bondelag)
- Høring av søknad med konsekvensutgreiing for Tokagjelet kraftverk i Kvam herad (Prosjekt småskala kraftverk).
- Høyringsfråsegn Øystese Kraftverk - overføring frå Vossadalsvatnet (Prosjekt småskala kraftverk).
- Vern av Stødleterasse i Etne etter kulturminelova. Framlegg frå Riksantikvaren.

Fylkeslaget gjekk grundig inn i høyringa om vern av Stødleterasse i Etne etter førespurnad frå Etne Bondelag og grunneigarane. Engasjementet omfatta møte, synfaringar og høyringssvar. Organisasjonssjef hadde nær kontakt med grunneigarane undervegs i prosessen.

Høyringar til Norges Bondelag:

- Forskrift om nydyrking av myr.
- Inntektsmoglegheitene til vestlandsbonden må løftast. (Fellesuttale til jordbruksforhandlingane frå Hordaland-, Sogn og Fjordane- og Møre og Romsdal Bondelag).
- Forskrift om utvalgte naturtyper og Forskrift om utvalgte arter.
- Distriktstilskot kylling.
- Tidspunkt for årsmøtet i Norges Bondelag

Uttale frå årsmøtet i Hordaland Bondelag:

- Skal vi framleis produsera mat i Norge?
Uttale til den nye Stortingsmeldinga om Landbruk.
- Betal arbeidsinnsatsen i landbruket! Uttale om vilkåra for jordbruk på Vestlandet.

SAMARBEIDSORGANISASJONAR

Hordaland Bygdeungdomslag

Bygdeungdommen i Hordaland har hatt eit spanande år, med "Vossaslepp", NBU sitt haustarrangement i oktober, som høgdepunktet. Voss BU gjorde ein kjempejobb med tilskippinga, som samla ungdom frå heile landet til tevling og sosialt samvere. Stort framsmøte, strålende vêt, 400 på smalahovebankett og kjempestemning heile helga – betre kunne det ikkje verta, og arrangørane hausta mange lovvord. Lokale bonde- og bygdekvinnelag hjelpte til med vakter og mattillaging!



Nøgde arrangørar frå Voss BU

Rekruttering til landbruket og grøn, høgare utdanning har vore satsingsområde for NBU i 2010 – i nært samarbeid med McDonald's Norge (marknadsføring av studietilboda, besøk på 4H-garden, konkurransen "Årets Unge Bonde"). Og arbeidet gjev resultat – søknaden til grøn utdanning steig merkbar i år, noko som gjev godt grunnlag for ny satsing i 2011!

HBU samarbeidde med Hordaland Bondelag om "Aksjonsdagen 2010" og Unge Bønderkurs i Bergen.

Leiar var òg med på eit prosjekt på Tysnes, som sette fokus på ungdom og tilbakeflytting. I laupet av ein hektisk haustdag vart 10. klasse vitja og det vart halde folkemøte med ungdomstilbod og framtida til Tysnes som tema.

Årsmøte og landsstevne i NBU i Østfold i juli, hadde temaet "Grenseløst". Om lag 40 hordalendingar laga til ein flott fylkesleir, med den tradisjonelle utdelinga av smalahovud og meir alminneleg galskap.

Årsmøtet i HBU vart skipa til i Kvinnherad, i samband med oppstart av eit nytt lokallag der. Oppstarten vart suksess, med fullt oppmøte på swingkurs og dans, so me ser potensiale for vidare aktivitet. Ingrid Tennebekk Bjørke har representert HBU i styret til Hordaland Bondelag og Kari Geitle Nesthus i Hordaland Bygdekvinnelag.



Festkledd til årsmøtemiddag i NBU.

HBU har i dag 366 medlemmar, fordelt på 4 lokallag, Voss, Kvam, Søre Sveio og Kvinnherad BU. Målet vårt for 2011 er å nå 450 medlemmer, so her skal det jobbast! Me er som alltid interessert i kontaktpersonar frå lokalmiljø som kan tenkja seg å setja i gang med spanande ungdomsaktivitet, so ikkje nøl med å ta kontakt! ☺

Hordaland Bygdekvinnelag

Hordaland Bygdekvinnelag har eit godt arbeidsår bak seg. Det har vore handsama 67 saker på 6 styremøte. Liv Spilde møter fast i styret til Hordaland Bondelag. Hundvingrend Bygdekvinnelag vart nedlagt dette året, så me er litt færre medlemmar enn i fjor.

Ganefartkonkurransen om lokalprodusert kortreist mat vart arrangert for tredje gong dette året. Det var bra deltaking frå vår region. Det enda med at me fekk landsvinnaren; Gloppen Hotell i Sandane. Dette er ein flott plass som er vel vert eit besøk.

Då Hordaland Bygdekvinnelag fyller 75 år i 2011, byrja me tidleg å arbeida med ein jubileumskalendar. Fotograf Rune Solberg hjelpte oss med fine bilete, og kalenderen kom i sal i god tid før jol. Me arrangerte regionmøte på Steinstø Frukt og Kakebu 13. november. Der møtte deltakarar frå 8 ulike lag til ein koseleg dag. Me fekk og høyra om bedrifta Nøring v Helga Byrkjeland.

På Agro Hordaland stilte me med vervestand og profilering av havreåret. Me fekk positive tilbakemeldingar på det. På Voss Bygdekvinnelag si jubileumsmarkering i haust opplevde HBK å få sin fyrste mannlege medlem. Helge Søfteland frå NRK P1 meldte seg inn i respekt for alt det gode arbeidet bygdekvinne har utført opp gjennom tidene. Og bondelagsmedlemmar rundt om i fylket har nok òg oppdaga at bygdekvinnelaget er gode medspelarar på messer og byggedagar. Så me tek gjerne mot fleire medlemmar. Takk for godt samarbeid til Hordaland Bondelag, som alltid stiller opp når me treng hjelp.

Me prøver framleis å leva opp til mottoet vårt:
Bygdekvinnelaget – ein moderne møteplass.



Bak frå venstre Liv Myklatun, Brynhild tennebekk Bjørke, Eli Totland, Rigmor Vikane, Turid B. Njåstad og Anny Sandvin. Framme Bente Eide og Liv Spilde.

Økonomiske og juridiske tenester

Norges Bondelag samarbeider med både rekneskapskontor og advokatkontor. Gjennom dette samarbeidet får bondelaget sine medlemmer tilgang til kvalitetssikra tenester som rekneskapsføring, økonomisk- og juridisk rådgjeving.

Rekneskapskontora

I Hordaland er det 16 rekneskapskontor som har samarbeidsavtale med Norges Bondelag. Dei får mellom anna fagleg oppdatering gjennom årlege kurs.

Økonor Nordhordland	ISDALSTØ	56355580
Bjørn Inge Sætre ANS	UGGDAL	53432036
Fana Sparebank Regnskap AS	BERGEN	55919800
Økonor Fusa	FUSA	56580080
Halsnøy Rekneskapskontor AS	SÆBØVIK	53474100
Hardanger Rekneskap	ØYSTESE	56553440
Hardanger Økonomiservice AS	EIDFJORD	53664400
J. Bleie aut. regnskapsfører	NÅ	53643017
Real Økonomi AS	ISDALSTØ	56351975
Kontor- & Økonomiservice	LONEVÅG	56390490
ReNett AS	PARADIS	55924173
Ullensvang Rekneskap ANS	LOFTHUS	53661128
Ullensvang Rekneskapslag	UTNE	59666953
Ulvik Rekneskapslag	ULVIK	56526480
Vekstra Voss	VOSS	56520770
Vossestrand Rekneskapskontor BA	VOSSESTRAND	56522611

Advokatkontora

I Hordaland er det tre advokatkontor som har samarbeidsavtale med Norges Bondelag. Dei har spesiell kompetanse på landbruks-, eigeidoms- og skatterett i tillegg til vanlege juridiske spørsmål. Avtala omfattar ikkje rabatt på honorar.

Advokatane Hove, Winjum, Håkonsen	55 21 01 70	Bergen
Advokatane Øyvind Kvåle og Gunnar Skeie	56 55 12 77	Norheimsund
Advokatfirmaet Harris	55 30 27 00	Bergen og Norheimsund

Medlemmer kan også kontakte Rekneskap og Juridisk avdeling i Norges Bondelag for å diskutere økonomiske eller juridiske problemstillingar.

ADVOKATENE
HOVE · WINJUM · HÅKONSEN

Telefon 55 21 01 70 Telefaks 55 21 01 99

Jordskifterett – Odelsrett – Konesjon - Boplikt – Arverett – Familierett

Postboks 344 Sentrum, 5804 Bergen
Besøksadresse: Strandgaten 1

Felles e-post: advok-ho@online.no
Internett: www.advokat-hove.no

Advokat Harald Hove

Advokat Ivar Winjum

Advokat Marit H. Håkonsen

ADVOKATANE
KVÅLE OG SKEIE ANS

M.N.A.

Sandvenvegen 43, 5600 Norheimsund

Tlf. 56 55 12 77-Faks 56 55 19 63

E-mail: post@kvale-skeie.no - www.kvale-skeie.no

ADVOKATFIRMAET

HARRIS

www.harris.no

Gjensidige Forsikring

Gjensidige er ein sentral samarbeidspart for bondelaget. Vi har nær kontakt med assurandørane på landbruk, og har årleg møte om felles arbeidsplan. Alle lokallag har ståande invitasjon om å ta kontakt vedrørande faglege spørsmål og deltaking på lokal møte eller arrangement.

Norges Bondelag forhandlar frem rabattar på vegne av medlemene. I 2010 vart det inngått ny langsiktig forsikringsavtale med Gjensidige. Les meir på www.gjensidige.no under landbruk og organisasjonsmedlem.

Landkreditt Bank

Norges Bondelag og Landkreditt Bank har ei samarbeidsavtale som gir bondelagsmedlemer gode fordelar. Vekstkonto er ein sparekonto som bare medlemene i Norges Bondelag og Landkreditt kan få. Kontoen har til ein kvar tid bankens beste innskotsrente og vil vere eit av marknadsens beste sparetilbod.

Banken tilbyr også gebyrfri nettbank og bankkort, nye lån utan gebyr, leasing, fondsparing og pensjon. Les meir på www.landkredittbank.no/nb.



Verktøyene du trenger på kort og lang sikt

Vi har alle banktjenestene du har bruk for både til gårdsdriften og privat. Vi er Norges Bondelags samarbeidspartnar på banktjenester og har i snart 100 år jobbet for gode produkter og betingelser for landbruket. Det har gitt oss kunnskap som bidrar til økonomisk trygghet og en enklere hverdag for deg.

Sjekk dine muligheter på Landkredittbank.no eller ring 815 52 245.



Hordaland Bondelag

Rekneskap 2010

	Rekneskap 2009	Rekneskap 2010	Budsjett 2010
Inntekter			
Konsulentinnt.	6 300		
Kurs- og arrangement	137 263	184 864	140 000
Annonseinntekter	34 000	22 250	25 000
Andre inntekter.	120 334	18 575	80 000
Rammebevilgning frå NB	622 800	635 300	635 000
Tilskot og refusjonar	567 487	295 187	250 000
Sum inntekter	1 488 184	1 156 176	1 130 000
Kostnader			
Lønn/godtgjerdse	274 641	321 991	280 000
Utstyr / inventar	13 032	21 248	15 000
Revisjon	16 594	14 375	20 000
Innleigde tenester		25 036	10 000
Kontorkostnader	68 045	78 322	70 000
Reisekostnader	98 814	160 678	130 000
Møte og aktivitetar	377 833	489 648	380 000
Annonser	26 009	13 907	10 000
Aktivt lokallag	52 266	60 000	35 000
Gåver/helsingar	10 395	19 379	10 000
Bidrag / støtte	35 000	26 832	20 000
Innsparingsplan NB		-	60 000
Aktivitetar		-	200 000
Særlege tiltak EU, WTO...			
Sum Kostnader	972 626	1 231 416	1 240 000
Finans			
Gebyr	-1 972	-750	
Nedskrivning aksjer		-5 000	
Renteinntekter	10 837	26 624	10 000
Resultat	524 423	-54 366	-100 000

Hordaland Bondelag

Balanse pr. 31.12.2010

Eigendelar	2010	2009
Kortsiktige fordringar	137 927	220 849
Avsett til tap på fordring	-8 000	-30 000
Mottatt innbetaling, avsett		-8 156
Aksje		5 000
Kasse og bank	1 324 517	1 193 218
Sum eigendelar	1 454 444	1 380 912

Eigenkapital og gjeld

Eigenkapital:		
Eigenkapital 1/1	1 266 649	742 226
Årsresultat	-54 366	524 423
Sum eigenkapital	1 212 283	1 266 649
Gjeld:		
Leverandørgjeld	142 131	501
Trekk og avgifter	94 111	88 281
Kontingent for tilbakebetaling	5 919	7 269
Skuldig løn	-	18 212
Skuldig feriepengar	-	-
Sum kortsiktig gjeld	242 161	114 263
Sum eigenkapital og gjeld	1 454 444	1 380 912

Orientering om rekneskapsen til Hordaland Bondelag

Rekneskapsprinsipp:

Rekneskapsen er gjort opp i samsvar med rekneskapslova og god rekneskapskikk.

Løn og godtgjersle:

Årsmøte i Hordaland Bondelag fastset godtgjersla til styremedlemmer. Satsane pr. dato:

Møtegodtgjersle: Telefonmøte: kr. 500, møte under 4 timar: kr.750, møte over 4 timar kr.

1.500. Nestleiarer får ei fast godtgjersle på kr. 10.000,- pr. år.

Norges Bondelag betaler godtgjersle til leiaren: Fast godtgjersla er på kr. på kr. 110.000,- i tillegg til møtegodtgjersle.

Tilsette: Dei tilsette på kontoret er lønna av Bondelagets servisekontor